
Fra: Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no>
Sendt: onsdag 31. oktober 2018 15.20
Til: Sigrun Wølstad
Kopi: Tonje Nepstad Epland
Emne: Byggesak gbnr 102/2 Valdernesnes - kai, flytebryggje, tilkomstveg, parkering og bod - dispensasjon frå arealføremål og byggeforbod i strandsone - oversending for uttale.

Vedr. Byggesak gbnr 102/2 Valdernesnes - kai, flytebryggje, tilkomstveg, parkering og bod - dispensasjon frå arealføremål og byggeforbod i strandsone - oversending for uttale. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til brev motteke frå Radøy kommune, 18.10.2018.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Valdernes, gbnr. 102/2, Radøy kommune som kan bli direkte råka av tiltak i reguleringsområdet. Me har heller ikkje indikasjonar på at område har vært nytta som hamn eller ankringsstad i eldre tider.

Museet har ingen andre merknader til tiltaket.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing

for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland
Marinarkeolog
55549611
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no